

Arkivnr: 2015/12222-31  
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		03.11.2016
Fylkesutvalet		16.11.2016

**Trafikkplan Nordhordland****Samandrag**

I samband med førebuing av nytt bussanbod for Nordhordland er det utarbeidd ein trafikkplan for området. Arbeidet med trafikkplan Nordhordland er basert på ein omfattande prosess for å få fram eit solid faktagrunnlag, og med omfattande involvering. Fylkesrådmannen meiner trafikkplanen gir gode føringar for å detaljere rutetilbodet for komande anbodsperiode. Planen er ei god oppfølging og konkretisering av vedteken kollektivstrategi for Hordaland, og følgjer mål og prinsipp som er lagt i denne. Trafikkplanen vil gi retning for prioriteringar i årlege ruteendringar for området.

Den største endringa er knytt til ny regionstamlinje i nordkorridoren. Framlegg til regionstamlinje er tidlegare presentert i MISA (sak 6-2016). Det er valt å halde fast på føringane som er lagt til grunn for regionstamlinja, med omsyn til trasé og stoppmønster. I arbeidet med trafikkplanen er konsekvensar og ulike problemstillingar vurdert, og det er peika på konkrete tiltak som vil vere viktig for å lukkast med regionstamlinje Nordhordland. Dette vil bli følgt opp ved komande ruteendringar.

Vårt mandat er å gi eit best tilbod der flest reiser, og å medverke til vekst i kollektivandelen i byområdet. Fylkesrådmannen ser på regionstamlinja for Nordhordland som eit viktig ledd i å utnytte marknadspotensialet i nordkorridoren, innanfor dei gitte rammene for kollektivtrafikken.

**Forslag til innstilling**

Trafikkplan Nordhordland byggjer på Kollektivstrategi for Hordaland om prinsipp for utvikling av kollektivtilbodet i fylket.

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt om det framtidig busstilbodet i Nordhordland. Trafikkplan Nordhordland gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt bussanbod i området.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
Vedlegg: Trafikkplan Nordhordland

**Fylkesrådmannen, 11.10.2016****Bakgrunn**

Februar neste år skal det lysast ut nytt konkurransegrunnlag for busstilbodet i Nordhordland, som skal vere gjeldande frå sommaren 2018. Anbudet omfattar busstilbodet i kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Masfjorden og Fedje.

I samband med førebuing av nytt anbud er det utarbeidd ein trafikkplan for Nordhordland. Føremålet med trafikkplanen er å gi overordna rammer og føringar for rutetilbodet, og som skal ligge til grunn for arbeidet med å detaljere komande konkurransegrunnlag. Det konkrete rutetilbodet, med tal avgangar, rutetider eller korrespondansar for dei ulike busslinjene framgår difor ikkje i trafikkplanen.

Den største endringa som er planlagt er knytt til omlegging av dagens linje 320 mellom Knarvik og Bergen til ny regionstamlinje. Framlegg til regionstamlinje er tidlegare presentert i MISA (sak 6-2016), og er no tatt inn som del av den samla trafikkplanen for Nordhordland. Trafikkplanen ligg som vedlegg til saka.

Fylkesrådmannen vil her kort gjere greie for planarbeidet og føringar for ny regionstamlinje. Saka gir og ei orientering om tentativ framdriftsplan for konkurranseutsettinga av nytt anbud Nordhordland.

**Overordna føringar og rammer**

Til grunn for planen ligg prinsipp i kollektivstrategien, med overordna mål om at veksten i persontransporten skal takast med miljøvenlege transportformer i byområda, og å sikre mobilitetsbehov for innbyggjarane i fylket. Marknadsgrunnlaget og potensialet for fleire kollektivreiser er utgangspunktet for utvikling av tilbodet. Største potensiale for fleire kollektivreisande er i dei sørlege områda i regionen – i og rundt Frekhaug og Knarvik. Det gjeld både mellom kommunane Meland og Lindås og til og frå Bergen.

Den økonomiske ramma for nytt anbud rutepakke Nordhordland skal som utgangspunkt ligge innafor dagens nivå på ruteproduksjonen. Innanfor denne ramma vil det vere mogleg å gjere justeringar og omprioriteringar som kan gi eit betre, enklare og meir effektivt kollektivsystem. Ei viss auke må likevel leggjast til grunn for å få på plass regionstamlinje for Nordhordland, utan at dette skal innebere reduksjon i øvrig tilbod.

**Om planarbeidet**

Gjennom arbeidet har ein lagt opp til ein involverande prosess, med dialog og innspel frå kommunane. Konkrete innspel til endringar og forbetringar i tilbodet vil bli lagt vekt på når rutetilbodet skal detaljerast, innanfor dei gitte rammene.

Vidare er det gjennomført brukarundersøking i februar i år, med deltakarar frå Meland og Lindås kommunar, knytt til framlegg til ny regionstamlinje. Resultata vart lagt fram i sak om regionstamlinja (MISA-sak 36/2016 og FUV-sak 81/2016). I tillegg er det gjennomført ei reisevaneundersøking blant befolkninga i Nordhordland, som har gitt ytterlegare informasjon om transportbehov og tilfredsheit med dagens kollektivtilbod.

I arbeidet har ein tatt utgangspunkt i eit breitt faktagrunnlag, som reisetal frå eigne salsstatistikkar, brukar- og reisevaneundersøkingar, tal for folketalsutvikling og pendlingsstraumar henta frå Hordaland fylkeskommune sine statistikkar og informasjon om kommunane når det gjeld busetnads-, nærings- og skulestruktur og framtidige planar. Samla gir dette eit godt grunnlag for å vurdere trafikkgrunnlaget og marknaden for tilbodsutviklinga i Nordhordlandsregionen.

**Regionstamlinje**

Regionstamlinje mellom Knarvik og Bergen har vore grundig vurdert, både i samband med tidlegare framlegg og politisk sak, og no i samband med trafikkplanen. Omlegging til regionstamlinje vil innebere ei endring i tilbodet, og slike endringar skapar ofte uro og misnøye blant dei som har innretta sin kvardag etter dagens tilbod. Men for å få fleire nye kollektivreisande, og leggje til rette for framtidig vekst i trafikken, er det nødvendig å gjere kollektivtilbodet enklare og meir attraktivt for fleire.

Potensiale for fleire kollektivbrukarar er stort, med stor grad av pendling og trafikk til og frå Bergen. Reisevaneundersøkingar viser at arbeids- og skulereisene fordeler seg relativt like mellom Bergen nord og Bergen sør, og at om lag like mange skal til Bergen sør og vest som til dei to andre områda. Dette indikerer at regionstamlinja må gi moglegheit for fleire ulike reiserelasjonar, med god kopling til kollektivnettet i Bergen.

Det er ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i innrettinga av regionstamlinja etter siste framlegg, men det er vurdert nøye kva konsekvensar omlegginga vil få for dei reisande og for det samla kollektivtilbodet. I planen er det peikt på konkrete tiltak som bør i verksettast i ledd av ny regionstamlinje.

Følgjande overordna føringar er lagt til grunn for rutetilbodet på regionstamlinja, ny linje 300:

- **Trasé:** Knarvik-Flatøy terminal-Eikåstunnelen-IKEA-Rollandskrysset-Åsane terminal-Fløyfjellstunnelen-Bergen busstasjon
- **Stoppmønster:** Betener alle stopp for både på- og avstiging langs traséen
- **Stive rutetider:** Avgangar med minimum 15 minutt frekvens i rush, 30/60 minutt frekvens utanom rush (30 minutt frekvens på dagtid og 60 minutt frekvens på kveldstid)
- **Ekspressstilbod, kun i rush:** Ingen av- og påstiging mellom Flatøy terminal og Bergen busstasjon

### Fylkesrådmannen si vurdering

Arbeidet med trafikkplan Nordhordland er basert på ein omfattande prosess for å få fram eit solid faktagrunnlag, og med omfattande involvering. Fylkesrådmannen meiner trafikkplanen gir gode føringar for å detaljere rutetilbodet for komande anbodsperiode. Planen er ei god oppfølging og konkretisering av vedteken kollektivstrategi for Hordaland, og følgjer mål og prinsipp som er lagt i denne. Trafikkplanen vil gi retning for prioriteringar i årlege ruteendringar for området.

Omlegging til regionstamlinje inneber ei endring som vil påverke dagens reisande, der største endringa er at linja skal gå om Fløyfjellstunnelen til Bergen busstasjon, og ikkje betene Bergen sentrum. Dette er ei nødvendig løysing som ledd i å avlaste busstrafikken i dei tyngste sentrumsgatene. Samstundes vil det gi raskare reiser til tunge reisemål i Bergen.

Vårt mandat er å gi eit best tilbod der flest reiser, og å medverke til vekst i kollektivandelen i byområdet. Fylkesrådmannen ser på regionstamlinja for Nordhordland som eit viktig ledd i å utnytte marknadspotensialet i nordkorridoren, innanfor dei gitte rammene for kollektivtrafikken.

I arbeidet med trafikkplanen er konsekvensar og ulike problemstillingar vurdert, og det er peika på konkrete tiltak som vil vere viktig for å lukkast med regionstamlinje Nordhordland. Dette vil bli følgt opp ved komande ruteendringar.

### Tentativ framdriftsplan konkurranseutsetting av rutepakke Nordhordland

Når det gjeld det samla arbeidet med ny konkurranseutsetting av rutepakke Nordhordland er det lagt opp til å gjennomføre anskaffinga som ein forhandla prosedyre i to steg. Første steg er gjennomføring av prekvalifikasjon, deretter evaluering og forhandling av tilbod frå kvalifiserte leverandørar. Det skal gjennomførast dialogkonferanse med bransjen i løpet av oktober, for innspel til konkurransegrunnlaget. Vidare vert det arbeidd med ei miljøutgreiing som skal vurdere moglege miljøløysingar for det nye anbudet frå anbudsstart. Overordna framdriftsplan for konkurranseutsettinga er som følgjer:

Desember 2016	Utlysing konkurranse
Slutten av februar 2017	Utsending av konkurransegrunnlag til kvalifiserte leverandørar
April 2017	Tilbodsfrist
Juni 2017	Tildeling og signering av ny kontrakt

Ny kontrakt tek til å gjelde med verknad frå 16.08.2018. Ein planlegg for å leggje fram statusmelding i mars 2017.